

Radøy Kommune  
Eining for teknisk drift  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Bergen, 27.6. 2018

Vedr: **Solhall I barnehage**  
Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg

I samband med byggesak på gbnr 45/188 i Manger, saksnummer 18/744, vert det søkt om utvida bruk av avkøyrsløse til kommunal veg, 1260 Kv6000, Solhallvegen.

Tiltaket inneber at barnehagedrifta på eigedomen vert utvida med inntil 80 born og ca.20 tilsette. Det kan difor forventast ei auke i trafikken på Solhallvegen med inntil 150- 200 bilar i døgeret. Trafikkauka vil i all hovudsak vere konsentrert mellom klokka 07- 09 om morgonen og mellom klokka 15 – 17 om ettermiddagen.

For å handtere den auka biltrafikken til og frå barnehagen er det planlagd ei rekkje tiltak.

- Parkeringsplass på nordsida av bygningen vert utvida til ca. 60 P-plassar. Desse plassane skal dekkje parkeringsbehovet til eksisterande verksemder i tillegg til personalet ved barnehagen og korttidsparkering for bringing og henting av born i barnehagen.
- Det skal i samband med utvidinga av parkeringsplassen opparbeidast sykkelparkering for både tilsette og besøkande.
- Køyrebanen vert utvida til ca. 6M breidde gjennom kurva i avkøyringa til eigedomen.
- Mjuka trafikantar og kollektivreisande får direkte åtkomst til barnehagen via gangveg frå fylkesveg 409 i sydvest eller som i dag via fortau langs Solhallvegen til inngangar på barnehagen si sørside.

Med venleg helsing for  
FORUM ARKITEKTER AS



Thor Schønning  
Partner, Sivil arkitekt MNAL  
[ts@forumarkitekter.no](mailto:ts@forumarkitekter.no)  
402 46 308

Vedlegg: Rammeløyve og illustrasjonskart.